

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1132 - 20/6635

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:
06.02.2020

GBNR 305/2 og 3 - Dispensasjon fra arealformål LNF og sikringssone H_190 i KDP for løyve til gjennomføring av grunnundersøkingar

Administrativt vedtak. **Saknr:** 153/20

Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det i samband med planarbeid for Fv. 564 Fløksand – Vikebø gjeve dispensasjon på vilkår frå byggeforbodet i sikringssone H_190 og LNF formålet, fastsett i arealdelen til kommuneplanen for Meland, for utbetring av eksisterande veg og gjennomføring av grunnundersøkingar i og rundt Rylandsvassdraget i samsvar med søknad motteke 22.1.2020.

- I tråd med tiltakshavar sitt ansvar skal beredskapsplan med sikringstiltak leggjast fram ved behov, og vera tiljengeleg for ettertida.**
- Tiltakshavar skal halde dialog med berørte grunneigarar og SALAR BRUK AS under gjennomføring av tiltaket.**
- Vegtiltaket skal tilbakeførast skånsamt når tiltaket er gjennomført.**

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

I samband med val av ny vegtrasè for pågående reguleringsplan for Fv. 564 Fløksand – Vikebø, har Asplan Viak på vegne av Vestland fylkeskommune søkt om


dispensasjon frå forbodet mot tiltak i landbruk, natur og friluftsføremålet, LNF, byggegrensa på 50 meter til vassdrag, samt sikringssone for Rylandsvassdraget, H190_1 i kommunedelplanen for Meland, KDP Alver.

Tiltaket gjeldt løyve til å gjennomføre grunnundersøkingar i og rundt Rylandsvassdraget, samt utbetring av veg ved Rylandsvassdraget jf. kartutsnitt under.



Raud ring viser området der det er søkt om for grunnundersøkingar.

Omsøkt veg ligg på gbnr. 305/3, og skal utbetraast slik at lastebil og anleggsmaskiner kan ta seg fram til vassdraget der grunnundersøkingane skal gjennomførast.



Reguleringsplanen for Fv. Fløksand – Vikebø er eit fylkesvegprosjekt som ligg som prosjekt nr. 4A i Nordhordlandspakken. Det har i planarbeidet blitt avdekkta utfordrande grunnforhold ved Fløksand og ein ser no på alternativ vegtrasè ved Rylandsvassdraget.

Grunnundersøkingane er naudsynt på noverande tidspunkt i reguleringsplanarbeidet, for å få kartlagt om planlagt vegtrasè med fylling kan plasserast i dette området. Samt for å avdekke eventuelle behov og andre tiltak knytt til denne plasseringa.

Det vert vist til søknad med vedlegg datert 22.1.2020.

Saman med søknad om grunnundersøkingar er det søkt om løyve til å nytte motorisert ferdsel på vassdraget i perioden då undersøkingane skal gjennomførast. Landbruksavdelinga i Alver har treft positiv vedtak i denne saken.

Søknad om dispensasjon:

Gjennom skriv datert 22.1.2020 har tiltakshavar grunngitt dispensasjonssøknaden slik:

«Det er behov for grunnundersøkjinger fordi ny veg vil berøre Rylandsvatnet, og det er viktig å kartlegge grunntilhøva for å sikre at eventuell fylling vil kunne ligge her, samt vurdere eventuelle tiltak det er behov for. Dette tiltaket er grunnlag for reguleringsplanen, ikkje grunnlag for endelig løysing.

Oppdraget skal gjennomførast i veke 5 -6 (27 januar – 7 februar 2020) og vil ha ei varigheit på 2-3 dager. Sjølve boringane er truleg gjennomført på 1 dag, men pga. opp og nedrigging av lekter vil det medgå 1-2 dagar ekstra.

Det vert benytta lekter med borerigg oppå.

Det vert benytta diesel til boreriggen, og motoren består av oljepprodukt og hydraulikkolje.

Det vert benytta lettbåt/ liten båt med påhengsmotor for å flytte lekter med rigg mellom borepunkt.

Det vert gjort førebyggande sikkerheitstiltak som oljeabsorberende lense m/ skjørt og oljeabsorberende beredskapspose. For sjølve boringa er det ikkje behov for sikringstiltak då dette borestøvet vil sige ned og ikkje skape større ringverknad. Sjå vedlegg ang dette.

I området er det eit settefiskanlegg, SALAR. Desse er kontakta, og vert varsla straks godkjenning for tiltaket er på plass. Vi vil opprette dialog med SALAR slik at vi kan ha fortløpende dialog ved uhell. Sikkerheitsutstyr som vert nytta under arbeidet skal vere tilstrekkeleg for å sikre at det ikkje vert skadar eller utslepp som påverkar SALAR si drift. SALAR har opplyst om inntaksledning og kvar denne ligg.

Utsettingspunkt av lekter er ikkje avklart, men det vert gjennomført synfaring for å lokalisere moglege utsettingsplasser. Straks desse er lokalisert vil vi melde dette tilbake til kommunen.

Det er også behov for å bearbeide vegen ned til vatnet. Denne vegen ligg på eigedom til Arne Gunleiv Haugsvær. Eg snakka med han på tlf 15.01.20 ang dette, og det er i orden at det vert gjort gravearbeid med gravemaskin for å tilrettelegge vegen slik at ein får tilkomst med lastebil/ lekter og rigg. Arbeidet vil ikkje medføre tiltak i vatnet, det er snakk om justering av vegen opp mot

bjørndalsvegen, samt felling av nokre trær og justering av terreng/ veg med grus.

Det søkjast med dette om løyve til å setje ut lekter med borerigg, samt gjennomføre grunnboringer i veke 5, 2020 ihht kart over.

Utførande firma er Lingen».

Omfang:

- Kartlegging av grunn:

Tiltaket omfattar undersøkingar av grunntilhøva i sørleg del av Rylandsvassdraget for å sikre at eventuell fylling til fylkesveg kan ligge her.

Undersøkingane blir utført med lekter med borerigg oppå.

Boreriggen nyttar diesel og motoren består av oljeprodukt og hydraulikkolje.

Førebyggande sikkerhetstiltak som oljeabsorberande lense m/skjørt og oljeabsorberande beredskapspose vert nytta.

- Veg

Vegen ned til vatnet blir opprusta til å tolle tilkomst med lastebil/lekter og rigg i anleggsperioden. Tiltaket på vegen medfører felling av nokre trær samt justering av terreng/veg med grus.


- Eksisterande settefiskeanlegg, SALAR

I området ligg SALAR sitt settefiskanlegg. Forslagstillar har hatt og vil under tiltaket ha tett dialog med SALAR. Naudsynt sikkerhetsutstyr som sikrar skadar eller utslepp knytt til drift av settefiskanlegg er ivaretatt av forslagstillar, jf. søknad.

Forankring i plan

I kommuneplanen ligg området innanfor sikringssone for Rylandsvassdraget.

Vassdraget har eigen verneplan/forvaltningsplan som skal vere Alver kommune sitt verktøy for forvaltning av vassdraget. Verneplanen er satt med bakgrunn i rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, og arealet er differensiert etter registrerte verneverdiar og arealtilstand. Vassdragsbeltet der undersøkingane skal gjennomførast er klassifisert i klasse 2 (orange) og 3 (grøn) i Kart1 til Forvaltning/Verneplanen, sjå kartutsnitt under.



Klasse 2 er definert som eit område der vassdragsbelte alt har moderate inngrep i sjølve vasstrenget. Nærområda består av utmark, skogbruksområde og jordbruksområde med spreidd bebyggelse.

Klasse 3 er definert som eit område der vassdragsbeltet er lite berørt av menneskelige aktiviteter og inngrep. Området har stor opplevningsverdi og vitskapleg verdi. I denne sona bør ikkje vassdragsbeltet bli utsatt for nye inngrep eller aktiviteter som endrar naturtilstanden i vassdragsbeltet.

Eit av måla i forvaltningsplanen er å styrke og leggja til rette for eit aktivt og mangfaldig friluftsliv i vassdraget og nedbørsfeltet.

Naturmangfold

Det er registrert to trua fuglearter i nordvest for tiltaket, Furukorsnebb og Bjørkefink. Det er tvilsamt at desse vil bli påverka av tiltaket.

Konklusjon

For å få fastslå vegtrasè for Fv. 564 Fløksand – Vikebø er det naudsynt for grunnlag til detaljplanen å gjennomføre grunnundersøkingar i vassdraget innafor LNF føremålet og sikringssona H190_1 i kommunedelplanen for Alver.

Kommunen som planmynde vurdera at søknaden om dispensasjon oppfyller vilkåra i pbl. § 19-2.

VURDERING:

Plan- og lovgrunnlag:

Vassdraget ligg i KDP Kommunedelplan for Meland med sikringssone H190_1 Rylandsvassdraget. Sikringssona strekk seg 50 meter ut frå vasstrenget, og tilgrensande landfast areal ligg som landbruk, natur og friluftsføremål, LNF med

sikringssone H190_1. Her gjeld verneplanen for Rylandsvassdraget, jf. føresegns 4.1.1 til KDP.

Samanfallande med sikringssona har kommunedelplanen ei generell byggegrense mot vassdrag på 50 meter, jf. føresegns 1.6.0 til KDP.

Området der grunnundersøkingane skal utførast ligg anten i eller innafor 50 meter sone til vassdraget, og krev difor dispensasjon fra LNF- føremålet, byggegrensa mot vassdrag, samt sikringssone for Rylandsvassdraget, H190_1 i kommunedelplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med grunnundersøkingar. Søkjar opplyser at han har direkte dialog med berørte grunneigar og SALAR BRUK AS.

Høyring:

Dispensasjonssøknaden har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune og NVE ved høyringssbrev dagsett 22.2.2020. Det er komne uttale frå Vestland fylkeskommune som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern:

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Areal i vatn

Då planforslaget omfattar areal i Rylandsvassdraget, har saka vore til vurdering hjå Bergens Sjøfartsmuseum. Dei har svart på e-post dagsett 27.01.2020 at:

«Museet kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnsene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Fylkesmannen i vestland uttaler at dei ikkje kjem til å uttale seg i saka, og NVE uttaler at dei har ingen merknader til søknaden. Vedtaket om dispensasjon er eit enkeltvedtak som etter forvaltningslova kan påklagast innan 3 veker. Vedtaket er difor ikkje endeleg før klagefristen er gått ut.

Dispensasjon – Vilkår og vurdering:

Både heimel og vilkår for dispensasjon følgjer av plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2. I tillegg til vilkåra i denne lovføresegna skal det under sakshandsaminga takast omsyn til den generelle formålføresegna i pbl. § 1-1. Dei to grunnvilkåra for å gi dispensasjon er at omsyna bak føresegna det blir dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til side og at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Med tilvising til grunngjevinga i dispensasjonssøknaden, arealformålet i KDP og verneplanen for Rylandsvassdraget, vurderer rådmannen at omsøkt grunnundersøkingar med førebyggande sikringstiltak ikkje vil vere vesentleg i strid med omsyna bak forbodet mot tiltak nærmere vassdrag enn 50 meter.

Tiltaket i seg sjølv omfattar grunnundersøkingar til bruk i ein planprosess for ein detaljplan, og ikkje grunnlag for endeleg løysing i plan. Det inneber at dersom ein ved desse grunnundersøkingane finn at grunnen toler vegtiltaket, vil det likevel vera behov/krav om ytterligare utgreiingar og konsekvensutgreiing før ein kan gå vidare med planarbeidet. Vegtrasèen skal då, i tråd med gjeldande planprosesser vurderast opp mot både arealformålet i KDP og Forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget. Dersom resultatet av grunnundersøkingane viser at grunnen ikkje toler vegtiltaket blir trasèen endra.

Rådmannen finn at fordelane med å gi dispensasjon her er «*klart større*» enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. Pbl. § 19-2. Dispensasjonen vil legge til rette for at naudsynt kartlegging av grunntilhøva langs ny vegtrasè kan gjennomførast på dette stadie i planprosessen, slik at ein etter ei samla vurdering finn beste løysing for vegtrasè i planarbeidet.

Det er ikkje særskilt registrerte naturverdiar på staden, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. Opplysningane om registrering av Furukorsnebb og Bjørkefink (fuglearter av særleg stor forvaltningsinteresse) nordvest for tiltaket, har vore vurdert av rådmannen til å ikkje virke negativt inn på arten for omsøkt tiltak. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunn til å stille krav om ytterlegare utgreiing av dette på dette punkt på noverande tidspunkt.

Rådmannen finn etter dette at vilkåra for å gi dispensasjon er til stades, jf. pbl. § 19-2.

Vidare handsaming:

I tråd med gjeldande rutinar skal Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune og NVE ha tilsendt vedtaket for å vurdere om dei vil nytte klageretten sin etter forvaltningslova.

Aktuelt regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.

- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styremakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1132

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Merethe Tvedt
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tiltak i Rylandsvatnet
vedlegg til søknad
vedlegg til søknad2

Mottakarar:

Asplan viak v/Morten Lexau

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland
Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)
Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)
Vestland fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
v/Ingar Hals

Statens hus	6863	LEIKANGER
Postboks 5091	0301	OSLO
Majorstua		
Postboks 5091	0301	OSLO
Majorstua		
Postboks 7900	5020	BERGEN